magasin fra Universitetet i Bergen

HUBRO

4/
2007
14. årgang



TEMA:

Fremtidens energivalg

Kommer vi utenom kjernekraft?

› Fusjon for fremtiden

› Fyll tanken med gran

Humleforsker med hemmelig bistilling



TEMA

4 Fusjon for framtida

7 Kjensler og kjernekraft

10 Kraften i en liten celle

12 CO_2 inn, energi ut

13 Vår varme jord

15 Prisen for en renere klode

18 Ikke nok med edle ønsker

20 Fyll tanken med gran

TILBAKEBLIKK

22 Humleforskar med hemmeleg bistilling

24 Hjelper barn hjemme

KRONIKK

26 Hva skal man med et romantisk geni?

I MOSEN

29 Sjå meg! Elsk meg!

Abonner gratis på HUBRO
Send navn og postadresse til:
hubro@uib.no eller ring 55 58 69 00

Før krisen

Klimakrise. Energikrise. Befolkningskrise. De ulike krisene står i kø, og er tett sammenvevd. I følge professor Lennart Bengtsson, seniorforsker ved Environmental Systems Science Centre i University of Reading, kreves det et gigantisk prosjekt innenfor kjernekraftforskning, for å unngå en global energikrise. Fornybar energi vil ikke være nok til å dekke det globale energibehovet når lagrene for fossilt brensel er tomme, hevder mange forskere.

– I fremtiden har vi ikke råd til å si nei til noen energikilder, sier fysikkprofessor Sven Kullander. Han leder Energiutvalget i Svenska kungliga vetskapsakademien og er medlem av det regjeringsoppnevnte thoriumutvalget som kommer med en rapport på nyåret. Et annet regjeringsoppnevnt utvalg, Energi 21, skal stake ut en samlende FOU strategi for olje- og energisektoren. Dette utvalget nevner ikke kjernekraft, men foreslår blant annet satsing på energieffektivisering, mer klimavennlig kraft, derav fornybare energikilder, og økt og bedre utnyttelse av bioressurser. I dette nummeret av Hubro ser vi på forskning og teknologiutvikling innen energikilder som kan være alternativer til fossilt brensel: Geotermisk energi, brenselceller, biodiesel, og hvordan man ved hjelp av CO_2 kan frigjøre naturgass fra hydrat er alle nye energiformer. Vi går inn i debatten rundt et norsk thoriumkraftverk og fusjonsenergi. I Sør-Frankrike bygges et revolusjonerende kjernekraftverk basert på fusjonsenergi. Men fremtiden handler ikke bare om hvordan vi kan skaffe mest mulig energi for å fortsette å leve som før. Sterkt redusert forbruk i Vesten kan bli et krav, og andre forskere må på banen for å gi sitt bidrag til hvordan vi skal løse de store krisene. Miljøsosiologi er et slikt nytt fagfelt. – Det er ikke naturviterne alene som kan frelse oss fra klimakrisen, sier sosiologiprofessor Ann Nilsen.

Debatten om klodens fremtid dreier seg også om økonomi og om politiske valg, noe som ikke minst kommer til uttrykk i den norske debatten rundt thorium. Dersom vi ikke klarer å håndtere energikrisen vil kriger og katastrofer bli resultatet. Det mener professor Egil Lillestøl, som ved å gå i krigen for thorium har ertet på seg en samlet miljøbevegelse.

HUBRO Nr 4/2007 Magasin fra Universitetet i Bergen. Kommer ut med 4 utgaver pr. år / **REDAKSJON** Ansvarlig redaktør: Torny E. Aarbakke / Redaktør: Elin F. Styve, elin.styve@uib.no / Temaansvarlig: Hilde K. Kvalvaag, hilde.kvalvaag@uib.no / Journalister i dette nr: Kim E. Andreassen / Eivind Senneset / Kjerstin Gjengedal / Silje Gripsrud / Gunn Janne Myrseth / Grafisk form: Lars O. Haaheim / Christian Bakke, Formidlingsavdelingen, UiB / **REDAKSJONSRÅD** Post.doc. Mette Andersson / professor Tore Furevik / professor Ole Didrik Lærum / forsker Tone Hellesund / **ADRESSE** Nygårdsgt 5, 5015 Bergen, tlf: 55 58 69 00 / Besøksadresse: Nygårdsgt 5 / E-post: hubro@uib.no / Abonnementet er gratis / **OPPLAG** 23 000 / Trykk: Bodoni / Framsidefoto: iStockphoto / Universitetet i Bergen har om lag 15 000 studenter og nær 3 000 ansatte / Rektor: Sigmund Grønmo / Universitetsdirektør: Kari Tove Elvbakken / ISSN 1503-9919 / For annonser, kontakt redaksjonen

UiB er medlem av World University Network (www.wun.ac.uk), og Coimbra-gruppen (www.coimbra-group.be), en samling av tradisjonsrike europeiske universiteter.

Hubro (lat.: Bubo bubo), den største av uglene våre. Den er en typisk vestlandsfugl, og en truet dyreart. Hubroen er klarsynt og klok, og er kjennetegnet i Universitetet i Bergen sin logo.

Mixed Sources
Product group from well-managed forests and other controlled sources
www.fsc.org Cert no. SGS-COC-2086
© 1996 Forest Stewardship Council

Printed on Arctic the Volume. Arctic Paper is a holder of FSC traceability certificate.

Den siste olje



I Nygårdsgaten i Bergen ble det på 1950-tallet produsert kontrollstaver, heisesystemer og kontrollpaneler til kjernekraftanlegget i Halden. Tidsånden var preget av stor optimisme rundt kjernekraft. I dag står vi kanskje på terskelen til en ny atomalder.

tema › **Fremtidens energivalg** ‹

TEKST: **KIM E. ANDREASSEN**

Alle snakker om klimatrusselen. Færre snakker om den globale energikrisen vi står overfor når olje-, gass- og kullreservene tar slutt om noen generasjoner. At fornybar energi vil være tilstrekkelig for å dekke verdens energibehov, kan vise seg å være en farlig illusjon.

I følge Det internasjonale energibyråets (IEA) beregninger vil energiproduksjonen øke med 50 prosent frem til 2030. Et annet problem er at dagens energiproduserende systemer favoriserer bruk av fossile brennstoff som olje, kull og gass. Disse reservene er begr enset. Beregninger viser at økt energiproduksjon vil tømme oljereservene i løpet av 50–60 år og gassreservene i løpet av 60–70 år. Kullreservene vil kanskje vare i 200 år, men slipper ut like mye CO_2 som olje og dobbelt så mye som naturgass. Den økende bruken av fossilt brensel har negative miljøkonsekvenser som fører til et varmere klima og naturkatastrofer. Slik sett henger miljøproblemet sammen med energiproblemet. Fremtidens energisystemer blir tvunget til å prioritere elektrisitet, produsert fra andre kilder enn fossilt brensel.

Økende etterspørsel

IEAs analyser viser en tendens til at alle land øker energiproduksjonen sin fra år til år. Bare i Kina har energiproduksjonen økt med 30 prosent de siste par årene, for å oppnå en anstendig levestandard. Hva som skal regnes som en anstendig levestandard kan diskuteres. Normalt sett antar man at det må til en årlig energiproduksjon på 50 MWh pr. innbygger. Til sammenligning: I 2005 produserte Canada 98 MWh, USA 92 MWh, Norge 81 MWh, Kina 15 MWh og Eritrea 2 MWh årlig per capita. Den globale energiproduksjonen er altså svært skjevt fordelt. Det er fullt mulig for den rike delen av verden å gå ned i levestandard uten å lide noen nød. Spørsmålet er likevel om ikke folkerike u-land, hvor befolkningsveksten øker sterkt, har i like stor grad som andre rett til en anstendig levestandard, og til stabil energiproduksjon.


Politisk blindgate

Det virker som om at politikerne i mange vestlige land ikke er i stand til å se størrelsen på det globale energiproblemet. De fokuserer kun på klimatrusselen og snakker varmt om ren og fornybar energi. Problemet er at IEAs beregninger viser at fornybar energi er fullstendig utilstrekkelig til å løse verdens fremtidige energiproblem. Den forventede globale utnyttelsen av fornybar/ren energi i 2050 vil til sammen gi en årlig kraftproduksjon på ca. 25 PWh. For å ta et eksempel: Det kreves 9 000 km^2 med solceller for å produsere 1 PWh med dagens solcelleteknologi. For å dekke det resterende energibehovet på 425 PWh, må man belegge jorden med 3 825 000 km^2 solcellepanel. Dette tilsvarer ti ganger Norges areal. Ut fra dette perspektivet blekner klimaproblematikken. Mangel på energi vil sannsynligvis bli ansett som mer alvorlig enn de miljømessige konsekvensene, og vil høyst sannsynlig føre til politiske spenninger og krig.

Kjernekraft som redning

Kanskje er det kjernekraft som kan løse det globale energiproblemet. Fordelen med kjernekraftverk er at de produserer høyeffektiv energi uten CO_2-utslipp. Men det har vært og finnes fremdeles skepsis og motstand mot kjernekraft. Håndtering av radioaktivt avfall er ikke problemfritt, og faren for nedsmelting er til stede. Man er også redd for at flere kjernekraftverk vil føre til økt produksjon av atomvåpen. Men skepsisen er også i ferd med å snu. Flere land, inkludert Finland, bygger kjernekraftverk.

Vi står allerede på terskelen til en ny generasjon kjernekraftsteknologi, som er mer effektiv og langt sikrere enn før. Det forskes på breeder-reaktorer som utnytter uran maksimalt ved at de generer mer brensel enn det som konsumeres. Fremtidens kraftverk kan benytte thorium som er utslippsfritt, har langt mindre strålefarlig avfall, og hvor det ikke finnes fare for nedsmelting. Det eksperimenteres også med fusjonsenergi. En forsøksreaktor er under oppbygging i Cadarache i Frankrike under det internasjonale samarbeidet ITER. Får man til dette, vil man løse energiproblemet i all fremtid. Neste generasjons kjernekraftverk vil ha nok energi til å opprettholde en global anstendig levestandard i all fremtid, uten utslipp av klimagasser. Hva ville du som fremtidsmenneske at vi i dag skulle ha satset på som energikilde? ■



Nede til høgre ser du storleiken på eit menneske i høve til reaktoren.

Fusjon for framtida

Energistormaktene i verda har gått saman om å skaffe oss fusjonsenergi innan oljen tek slutt.

tema › **Fremtidens energivalg** ‹

TEKST OG FOTO: **KJERSTIN GJENGEDAL** | ILL: **ITER**

Informasjonskontoret hos ITER er hektisk og underbemanna. Om få dagar kjem eit britisk TV-team på besøk, og dei har sagt klart ifrå at dei vil filme dei store gravemaskinene og bulldosarane som grev holet der verdas første operative fusjonsreaktor skal byggast. Problemet er berre at det ikkje er gravemaskiner her. Informasjonsmedarbeidar Sabina Griffith vurderer om ho skal sende dei til ein tilfeldig byggeplass i nærleiken så dei kan få filma gravemaskinene sine.

Byggestart i 2008


Sidan den internasjonale avtalen om bygginga av fusjonsreaktoren ITER vart underteikna hausten 2006, har ITER-organisasjonen auka talet på tilsette frå 30 til 230, og dei kjem frå alle delar av verda. Medieinteressa blir større for kvar dag, og stadig fleire journalistar kjem på besøk. Men enno er det berre eit stort stykke rydda utmark å sjå. Dei tilsette arbeider i brakker på ein parkeringsplass, der dei blir glodd på av nyfikne villsvin som heng rundt i nabolaget. Sjølve bygginga av anlegget tek til i 2008, og før den tid skal det leverast ei designevaluering på fleire tusen sider til dei franske styresmaktene, som skal lese rapporten med lupe før dei bestemmer om dei vil gje byggelisens.

Men så er det også store ting det står om. Det internasjonale energibyrået reknar med at verda vil trenge 50 prosent meir energi i 2030 enn i dag. På den tida vil oljeproduksjonen synge på siste verset. Ekspertane er stort sett samde om at sjølv om fornybare energikjelder som vind- og solenergi vil spele ei viktig rolle, så har dei ikkje praktisk potensiale til å fylle gapet. Samstundes gjeld det å få utviklingsland til å gå vekk frå forureinande kolkraft og over på reinare energiformer. Fleire og fleire hevdar at det berre er éin



Førebels er det ingen synlege spor av høgteknologi hjå ITER. Først neste år startar bygginga av fusjonsreaktoren som skal stå ferdig i 2016. I mellomtida jobbar dei tilsette i brakker.





Sjølve tokamaken er ein smultringforma maskinsett i hop av delar som dette. Her skal det varme plasmaet vere.



Gary Johnson har ansvaret for utvikling av tokamaken.

veg å gå, og det er i retning kjernekraft. Og fusjon vil gje oss den beste, reinaste og mest langsiktige forma for kjernekraft, om vi berre kan få det til å fungere.

Enkelt prinsipp, vanskeleg gjennomføring

– Framgangen i utvikling av fusjon heng tett i hop med oljeprisen, hevdar Robin Barnsley, som jobbar med å utvikle overvakingssystem til ITER-reaktoren.

– Fusjon vil ikkje vere økonomisk så lenge olje er billeg. Men det vil kome ei tid då vi har svært få andre alternativ. Og fordi fusjon er dyrt å utvikle, må det vere eit internasjonalt prosjekt.

Prinsippet bak prosjektet er enkelt: Det er eit stort potensial for å få frigjort energi når to lette atomkjernar slår seg saman. I ITER er det hydrogenvariantane deuterium og tritium som skal brukast. Problemet er at sidan kjernane har positiv elektrisk ladning, vil dei fråstøyte kvarandre. Den motstanden må overvinnast om ein vil ha dei til å fusjonere.

– Ein kunne tenke seg at vi lagar ein akselerator som skyt strålar av partiklar mot kvarandre i høg fart slik at dei kolliderer. Men dei ville stort sett berre gå forbi kvarandre. Det som trengst, er at vi må halde partiklane fanga i eit lukka rom så dei ikkje kan sleppe unna, det må vere varmt nok til at dei har høg energi, og dei må bli der lenge nok til at nokre av dei rekk å fusjonere, fortel Barnsley.

Lagar sol på jorda

Løysinga er å lage plasma, ei gassliknande suppe av elektrisk ladde partiklar der elektron og atomkjernar beveger seg fritt ikring. Dette er den tilstanden vi finn inne i stjernene, inkludert vår eiga sol. Men å lage slike tilhøve på jorda, er lettare sagt enn gjort. Gary Johnson veit alt om det. Han er ein velstrigla, rappkjefta amerikanar som har fått ansvaret for den avdelinga som skal utvikle tokamak-delen av ITER. Tokamaken er den smultringforma maskinen som skal halde på plasmaet. Plasmaet vil ha ein temperatur på fleire hundre millionar grader – varmare enn inne i sola – og ingen material i verda kan tole slike temperaturar. Difor må plasmaet haldast på plass ved hjelp av magnetiske felt, slik at det ikkje kjem i direkte kontakt med veggane i tokamaken.

– Tokamaken, inkludert magnetane som held plasmaet på plass, er hjartet i systemet vårt, og representerer halvparten av kostnadane, seier han.

Varmast og kaldast

Magnetane må kjølast ned til minus 269 grader celsius, slik at dei blir superleiande. Difor må dei haldast i vakuum.

– Viss ikkje, kjem alle gassane i lufta til å kondensere på magnetane, og det er ikkje bra. Difor må vi ta ut all lufta. Vi vil ikkje klare å få det heilt som i verdsrommet, men nesten, forsikrar han.

Magnetane må vere superleiande fordi det trengst enormt sterke magnetfelt til å halde på plasmaet. Konvensjonelle, ikkje-superleiande magnetar som har vore brukt i tokamak-eksperiment så langt, vil krevje enormt med elektrisitet og vil drive driftskostnadane i taket. Då er det til samanlikning meir effektivt å kjøle dei ned, sjølv om kjøleanlegget heller ikkje er heilt billeg.

– ITER vil ha det største og mest kompliserte magnetsystemet som nokon gong er laga, og dei må vere kjølte ned til nesten det absolutte nullpunktet. Halvannan meter unna skal det vere plasma som held fleire hundre millionar grader. Det er ikkje tvil om at det vi prøver å oppnå, er ekstremt. Vi treng termiske skjold for å unngå kontakt mellom dei kalde og varme delane. Viss ikkje, vil magnetane bli varma opp, og kjøleanlegget må arbeide hardare, og då vil det bli mykje dyrare å drive. Dette er noko vi må ta omsyn til i planlegginga, forklarer Johnson.

Har lært av andre

Kontraktane for bygging av magnetane blir underteikna i desse dagar. Andre delar av tokamaken er framleis på planleggingsstadiet. Det gjeld spesielt materiala som skal dekke innsida av tokamaken.
– Vi held framleis på å rekne ut nøyaktig kva desse materiala

må kunne motstå. Dersom plasmaet beveger seg – og det vil det gjere – så vil varmetrykket mot veggen kunne gå kraftig opp. Vi har høglydte diskusjonar om korleis plasmaet kjem til å oppføre seg, og vi studerer andre tokamak-eksperiment rundt omkring i verda og prøver å dra lærdom av dei. Vi ser at vi har fått mykje ny informasjon etter at dei opphavlege planane var ferdige for seks år sidan, så no held vi på å revidere dei, fortel Johnson.

I ein kommersiell reaktor vil innsida av tokamaken også vere dekka av eit stoff som kan produsere meir tritium ved hjelp av nøytron frå kjernereaksjonen, slik at ein ikkje treng å frakte radioaktivt brensel til staden.



Rein energi

Mykje av poenget med fusjonsenergi er nettopp at det er reint og ufarleg, hevdar briten Neill Taylor, ein av dei som har vore ved ITER heilt sidan starten. Han har ansvar for tryggleiksarbeidet.

– Avfallsproduktet er ufarleg helium. Innsida av reaktoren vil bli radioaktiv ved bruk, og må lagrast trygt etter at driftsperioden er over. Men det er snakk om svak og kortliva radioaktivitet samanlikna med avfallsstoffa som blir produserte i konvensjonelle kjernekraftverk. Tritium, som blir brukt som brensel, er radioaktivt, men vi kjem til å bruke svært små mengder, og vi skjermar det så godt som råd er.

Saman med kollegaene sine har han prøvd å tenke ut kor mange måtar noko kan gå gale på når reaktoren er i drift. Dei har laga drøssevis med ulukkesscenario og analysert konsekvensar for å kunne lage tryggleiken best mogleg, ikkje berre for befolkninga, men først og fremst for dei som skal arbeide på staden. Dessutan har dei forsikra seg om at reaktoren blir bygd på sikker grunn, utan fare for uventa seismisk aktivitet. Dei franske styresmaktene, og befolkninga i området, vil vere sikre på at alt er så trygt som råd.

Teknologi og diplomati

Men generelt er franskmennene mindre engstelege for kjernekraft enn europearar flest. Sabina Griffith ved informasjonskontoret fortel at den vanlegaste reaksjonen ikkje er frykt, men «jaså, skjer det noko innan fusjon no? Det har jo stått stille i femti år?» Ho er litt lei av det.

– Fusjonsforskinga har slett ikkje stått stille, det har gått stødig framover, men med små steg. Ein kan ikkje gje opp berre fordi ein ikkje løyser alle problem i første forsøk, seier ho.

Og det er nok av problem – eller «utfordringar», som ITER-forskarane kallar dei – å gå laus på. Somme jobbar berre med å lage løysingar for overvaking og vedlikehald av tokamaken. Etter at reaktoren er starta opp, vil det vere uråd å sende folk inn for å drive vedlikehald sjølv når han er avslått, på grunn av radioaktiviteten. Alt slikt arbeid må overlatast til robotar, akkurat som vi har sett på bilete frå operasjonar i verdsrommet. Skilnaden er at i verdsrommet gjeld ikkje tyngdekrafta. I ITER-reaktoren må robotane handtere komponentar som veg mange tonn. Samanlikna med utfordringane og potensialet i ITER, blir Stoltenberg sitt månelandingsprosjekt berre som ein søndagstur over Besseggen å rekne.

I ettertid vil det likevel kanskje vise seg at dei diplomatiske problema var større enn dei tekniske. Etter planen skal det berre ta halvparten så lang tid å bygge reaktoren, som det tok å krangle om kor han skulle byggast. Det tok tjue år.

Noreg svakt rusta

Ved Universitetet i Bergen var det tidleg på 1980-talet nokre forskarar ved Matematisk og Fysisk institutt som hadde planane klare for bygging av ei tokamak-maskin. Men planane vart stogga av regjeringa i siste augneblink, av budsjettmessige årsaker. Det fortel professor Alf H. Øien ved Matematisk institutt. Sidan har nærast alle ressursar vore konsentrert inn mot oljeproduksjon. Dermed vart fusjonsforskinga, som lenge hadde vore ein sentral disiplin i matematikken, parkert på eit sidespor. I dag har Noreg ingen aktive forskingsgrupper på feltet.

– Ulempa med den nasjonale innsatsen innan petroleum, som rett nok er viktig, er at vi no står svakt rusta når det gjeld energirelatert kjerneforsking. Det viser kva som skjer når ein ikkje greier å oppretthalde kompetansen innan eit felt som kanskje verkar uviktig i ein kort periode, men som er avgjerande på lang sikt, avsluttar Øien. ■



Neill Taylor jobbar med å planlegge rutiner for alle tenkelege ullukkesscanario i den komande fusjonsreaktoren. (Foto: Kjerstin Gjengedal)

ITER

- ITER er ein internasjonal organisasjon med ansvar for å bygge verdas første reaktor som produserer netto energi basert på kjernefusjon. ITER er eit samarbeid mellom EU, USA, Russland, Kina, India, Japan og Korea. Reaktoren blir bygd i Cadarache i Sør-Frankrike.
- Energi blir produsert ved at ein lagar plasma av hydrogenisotopar i ein smultringforma tank kalla ein tokamak. I plasmaet, som har ein temperatur på fleire hundre millionar grader, vil hydrogenkjernane fusjonere og frigjere energi i form av høgenergetiske nøytron og varme.
- Ei rekke praktiske problem står att å løyse før fusjonsreaktoren er eit reelt og kostnadseffektivt alternativ til dagens energiproduksjon. Etter planen skal ITER produsere det første plasmaet i 2016. Deretter skal han fungere som ein eksperimentreaktor i 20 år.
- ITER skal etterfølgjast av ein demonstrasjonsreaktor, DEMO, som skal kunne produsere kraft som kan sendast ut på nettet. Ekspertane trur at fusjonskraft kan vere kommersielt tilgjengeleg rundt 2060.
- Prosjektet har fått sterk kritikk frå miljøvernorganisasjonar som meiner at fusjon ligg for langt fram i tid, at prosjektet er urealistisk og at ein heller bør bruke pengane på alternativ energi som gjev raskare resultat i form av reduserte CO_2-utslepp.



Egil Lillestøl fekk i 2007 Norges forskningsråd sin formidlingspris for formidlinga si. Det ligg stor faglig kunnskap og sterk faglig integritet bak Lillestøls formidlingsaktivitet, heitte det i grunngjevinga for prisen.

Kjensler og kjernekraft

Egil Lillestøl har tatt på seg å redde verda med thoriumkraftverk, mot seg har han ein million norske miljøvernarar. Med seg har han Frp, ein heil del forskarar og Oppland Arbeiderparti.

tema › Fremtidens energivalg ‹

TEKST: **HILDE K. KVALVAAG** | FOTO: **THOR BRØDRESKIFT**

Arna 1985: Medlem av Lions Club, Egil Lillestøl, køyrer rundt med ved til frysande pensjonistar. Det er ein kald vinter og pensjonistane er takksame. Tjue år seinare har Lillestøl tatt på seg å løyse heile verdas energiproblem med thorium. Ikkje alle er like takksame denne gongen.

Hausten 2006 introduserte professor Egil Lillestøl thorium i den norske energidebatten. «Snill» kjernekraft kunne kanskje løyse ikkje berre Noregs, men viktigare, globale energiproblem. I tillegg kunne det vere god butikk. Thorium vakte stor interesse i pressa, men miljøorganisasjonane kom raskt på banen og avviste blankt utbygging av kjernekraftverk i Noreg. Det er urealistisk, skapar alvorlege avfallsproblem og kan misbrukast til å utvikle atomvåpen, sa ei samla miljørørsle. At Lillestøls politiske våpendragar etterkvart vart Framstegspartiet hjelp truleg ikkje på entusiasmen. FrP var med Lillestøl til Cern og vitja Carlo Rubbia, tidlegare nobelprisvinnar i fysikk som har utvikla teknologien som kan takast i bruk i ein thoriumreaktor. Frps energipolitiske talsmann Ketil Solvik-Olsen la etter besøket i Cern spørsmålet om thorium fram i Stortingets spørjetime 15. november 2006.

Thoriumutgreinga frå Solsvik-Olsen vart stort sett møtt med eit skuldertrekk.

– Det er uaktuelt. Vi vil satse på fornybar energi, sa den førre olje- og energiministeren Odd Roger Enoksen. Dette vart stort sett også svaret frå dei andre politikarane. Lillestøl fortsette sitt kamptog for thorium og etterkvart gav Olje- og energidepartementet (OED) Norges forskningsråd i oppgåve å sette ned eit thoriumutval. Dette fekk som mandat å greie ut høvet til å ta i bruk dei store thoriumforekomstene vi har i Noreg til produksjon av energi. Utvalet skal levere ein rapport på nyåret 2008. Utvalet vart kritisert for å ikkje inkludere miljøvernarar. I juni i 2007 gjekk alle miljøorganisasjonane, med over ein million medlemmer i ryggen, ut med eit felles opprop mot kjernekraftverk i Noreg.

Mot tradisjonell kjernekraft

Lillestøl let seg ikkje stoppe av motstanden frå miljørørsla og majoriteten av politikarar.

– Eg slåst for det eg trur på, seier Lillestøl.

– Verda står framfor ei massiv energikrise. Det er det som driv meg. Vi må løyse denne energikrisa, ellers får vi heller ikkje løyst klimakrisa.

Han meiner at politikarane har for lite kunnskap om kjernekraft. Dei har ikkje fått med seg at det har skjedd ei stor teknologisk utvikling på kjernekraftfeltet.

– Ein skulle kunne forvente at ein miljøvernminister ville setje seg inn i dei globale energiproblema før han eller ho byrjar å gå ut og kjempe mot gode løysingar.

Det siste året har han brukt det meste av tida si på å reise rundt og halde foredrag om thorium.

– Overalt møter eg interesserte og engasjerte folk, seier Lillestøl. Han bruker mykje krefter på å overtyde folk om skilnaden på thorium og tradisjonell kjernekraft. Han har sjølv lite til overs for tradisjonell kjernekraft, der våpenproduksjon var utgangspunktet.
– Koplinga til våpenproduksjon er i dag svakare, men også i dag blir det laga bombemateriale i atomkraftverk.

– Korleis er det for deg som forskar å ta på deg ei politisk rolle?

– Eg meiner at det ikkje er nokon motsetnad mellom forsking og politikk. Eg deltek i debatten med fagkunnskap. Eg har vore oppteken av energiproblematikken sidan 1970-talet og blitt meir og meir uroa. Det var ei stund at eg tenkte at det kom til å gå bra, men eg ser at dei politiske diskusjonane heile tida fokuserer feil. Klimakrisa er blitt det store, men eg veit ikkje om nokon forskarar som har gått inn på barrikadane og slåst for energiproblemet, og eg tykkjer ikkje at eg kan la vere å bidra med mitt, seier Lillestøl.

– Ein har mista energiproblemet av syne, men det er det som kjem til å bli det store problemet i framtida, korleis vi skal skaffe nok energi til å få samfunnet til å gå rundt, samstundes som vi treng enormt med energi til å takle klimakrisa. Eg tenker då særskilt på CO_2-deponering og det det krev av energi. Men det vil også krevje energi mellom anna å reinse drikkevatn.

– Patetisk diskusjon

– Energiforbruket i verda har no ei doblingstakt på 20 år. Dette lar seg ikkje løyse med CO_2-handtering og vindmøller. Verda er på rask veg inn i ei energikrise der forbruket av fossilt brensel vil auke dramatisk over dei neste tiåra. Energiproblemet vil leie til høgare risiko for konfliktar, og den auka bruken av fossilt brensel vil auke utsleppet av CO_2 i atmosfæren.

– Den pågåande diskusjonen i Noreg og andre land om korleis ein kan handtere energiproblemet, er i denne konteksten patetisk. CO_2-handtering, bioenergi, vindmøller og hydrogen er presentert som løysingar på det globale problemet. Medan dette blir diskutert opp og i mente aukar forbruket av kol med kring 250 millionar tonn i året. Det tilsvarar meir enn fire gongar det årlege energikonsumet i Noreg. Det globale CO_2-utsleppet i 2006 var på om lag 30 milliardar tonn. I dette perspektivet blir Noregs «månelanding» der det er planar om å deponere 1,5 millionar tonn CO_2 i året latterleg. Solenergi er det einaste som kan konkurrere med kjernekraft, hevdar Lillestøl. Han seier vidare at biobrensel tek opp jordbruksareal i fattige land, og er eit mistak. Vind er for lite effektivt.



Nils Bøhmer, Bellona, ved atomprøvesprengingsfeltet i Kazakstan. Foto: Bellona.

– Kvifor brukar så ikkje alle thorium?

– Vegen til kommersialisering av ein reaktor er lang og kostbar, og ikkje alle dei tekniske problema i reprosesseringa er løyst.

– Kjernekraft er feil fokus

Bellona er blant miljøvernorganisasjonane som avviser at bygging av thorium-kraftverk i Noreg er ei god løysing i overskueleg framtid.

– Egil Lillestøl er ein drømmar. Vi er realistar og har sett på kva som ligg i realitetane rundt Norges noverande og framtidige energiproduksjon, seier Nils Bøhmer, Bellonas atomfysikk-ekspert.

– Eit thorium-kraftverk vil gje like stor fare for ulykker som vanlege atomkraftverk. Det er heller ikkje eit realistisk alternativ. Litt av problemet med Lillestøl og hans kompanjongar er at dei ikkje klarar å sjå heilskapen i dette. Vi i Bellona har rekna på kor mykje som ligg i thorium, for det er ikkje berre eit spørsmål om det er teknisk mogleg, men også om det er ein marknad som er viljug til å betale. Vi har konkludert med at det er urealistisk, fordi det ikkje fins ein marknad så lenge det er så mykje fossilt brensel tilgjengeleg.

Bøhmer og Bellona avviser ikkje at kjernekraft kan bli aktuelt om førti-femti år. Men førebels må vi satse på CO_2-reinsing, meiner dei.

– Atomkraft vil stå for cirka 16 prosent av verdas energiforsyning i tida framover men vi har olje og gass. Det vi må konsentrere oss om i dei kommande åra er CO_2-reinsing av fossile brennstoff og utvikling av alternativ energi, og då fornybare energikjelder som vind, sol, vatn og bølgekraft, seier Bøhmer. Mitt største ankepunkt mot thorium er avfallsproblematikken og faren for misbruk i samband med utvikling av atomvåpen. Utfordringa frå Kina er å få dei til å reinse kolkraftverka, ikkje få dei til å bygge kjernekraftverk. Vegen til reinare energi går derfor gjennom reinare kol og fornybar energi.

Fagmiljøet ved UiB støttar Lillestøl

Om han møter motstand frå miljørørsla har Lillestøl sitt eige fagmiljø i ryggen når han er ute og snakkar varmt om thorium. Dekan ved Matematisk-Naturvitenskapelig fakultet ved UiB,

Thorium

Thorium er eit radioaktivt grunnstoff som kan brukast for å framstille atomkraft. I Noreg har vi mykje thorium i Telemark. Noreg har om lag ein sjettedel av kjende thoriumforekomstar i verda. Thorium er ikkje fissilt, altså ikkje spaltbart. Men når stoffet blir bombadert med nøytroner blir det produsert uran-233. Energien som oppstår når dette uranet blir spalta videre, er nok til å drive partikkelakseleratoren, og samtidig gje eit energioverskudd som kan dannast om til strøm. Stansar du protonstrålen, stansar kjernereaksjonen umiddelbart. Derfor kan ikke reaksjonen komme ut av kontroll, som i eit vanlig kjernekraftverk. Ein thoriumreaktor krev avansert akseleratorteknologi, som ikkje har vore utvikla før no.

Kommersielt tilgjengelige akseleratorer er fortsatt ikkje utvikla. Thoriumreaktoren er ueigna til å lage materiale til atomvåpen, i motsetnad til tradisjonelle atomkraftverk. Først og fremst fordi små mengder uran-232 blir produsert i reaktoren. Fleire norske selskap er etablert for å bygge kraftverk basert på thorium i Norge.

Olje- og energidepartementet (OED) har gitt Norges forskningsråd i oppgave å administrere gjennomføringa av ei utgreiing knytta til bruk av thorium til energiproduksjon. Den kjem med ein rapport på nyåret 2008.

I løpet av 2006 blei to nye norske selskap etablert for å bygge kraftverk basert på thorium i Norge. Nyleg involverte også Statkraft seg i planane. Bergen Energi har allereie søkt om konsesjon for å bygge eit kraftverk basert på thorium i Norge.

Hans Petter Sejrup, seier til Hubro at det er viktig at Lillestøl set søkelyset på desse alternativa. Han meiner at Lillestøl også har gjort eit arbeid som er viktig for å styrke grunnleggande fysikk i Noreg.

– På mange område er det viktig å ha kompetanse inn mot kjernefysikk. I debatten rundt kjernekraft er det veldig mykje kjensler. Det er viktig at UiB forskar og har faktabasert kunnskap på dette feltet. Vi treng meir kunnskap for å sjå på kjernekraft på nytt. For det har vore ei utvikling innan desse felta som gjer at vi kan sjå miljøperspektivet knytt til kjernekraft på ein ny måte. Debatten bør i alle høve vere basert på den siste kunnskapen på desse områda.

– Kompetansen som vi frå universitetet og Mat.Nat-fakultetet har innan naturmiljø, kan vere eit bidrag til utvikling av trygg kjernekraft i framtida. For det kjem til å komme, det er eg nokså sikker på, seier Sejrup.

Politikarar på glid

Medan Frp var først ute med å omfamne thorium som energi-alternativ, har også Arbeiderpartiet blitt meir positive. «Ap åpner for atomkraft» var tittelen på ei sak i Hamar Dagblad 19. april 2007. Den viste til at Oppland Arbeiderparti går inn for bygging av thoriumkraftverk i Norge. Hamar AP er heller ikkje negative, heiter det i ingressen. Olje og energidepartementet avviser ikkje thorium, men vil avvente konklusjonane i rapporten. Åslaug Haga gjev følgjande svar på korleis Olje- og energidepartementet stiller seg til eventuell thorium-produksjon i Noreg: «Thoriumutvalget ble nedsatt av OED for å etablere et best mulig faktagrunnlag rundt muligheter og risiko ved bruk av thorium til energiproduksjon på lang sikt. Jeg vil avvente utvalgets rapport og konklusjoner før det tas en beslutning om hvordan utvalgets arbeid bør følges opp.» I Teknisk Ukeblad 24.10.07 er politikarar i Energi- og miljøkomiteen 2005–2009 spurt om korleis dei vil forhalde seg til thorium-rapporten. Tore Nordtun (A) i energi- og miljøkomiteen vil sjå på rapporten med positiv interesse. Ivar Kristiansen (H) i komiteen er lunken, men seier at dersom konklusjonen i utvalget blir positiv, må vi ta dette alvorleg. Senterpartiets Erling Sande er meir skeptisk, men seier at partiet skal ta stilling til dette etter at utvalget har presentert konklusjonen sin. SV vil ikkje ha thorium uansett kva rapporten seier, i følgje stortingsrepresentant Hallgeir Langeland. SV meiner at satsing på ny og fornybar energi er eineste riktige vei å gå. ■

– Kan ikkje velje bort kjernekraft

– I framtida kan vi ikkje seie nei til noka energikjelde, og det verkeleg store blir nok kjernekrafta, meiner leiaren av Energiutvalget i Svenska kungliga vetskapsakademien, Sven Kullander.

tema › Fremtidens energivalg ‹

TEKST: **HILDE K. KVALVAAG** | FOTO: **STAFFAN CLAESSON**

Svensken er ein av dei internasjonale ekspertane i Thoriumutvalet som skal legge fram ein rapport i byrjinga av 2008. Han er positiv til utvikling av thorium i Noreg og har tru på at dette også kan vere økonomisk lønnsamt på sikt.

– Det er hundre gonger meir energi i norsk thorium, enn i norsk olje og gass. Da snakkar vi om alt som har blitt og som blir vunne ut, hevder Kullander, som er professor i fysikk ved Uppsala universitet

– Det mest interessante med thorium er at ein med dette stoffet har høve til å utvikle ein sivil kjernebrenselsyklus. Ein kan sikre thoriumkraftverk mot misbruk på ein annan måte enn ein hittil har kunna med tradisjonell kjernekraftverk basert på uran. Kjernebrenselsyklusen for thoriumkraftverk kan designast slik at det blir nesten umogleg å framstille våpen. Dette er ein viktig grunn til at thorium er ei av dei mest attraktive stoffa å satse på i framtidig energiproduksjon.

Thorium kan vare i fleire hundre tusen år. Dei kjernekraftreaktorane som hittil er i drift, 440 i talet, går på uranisotopen uran-235 og nyttar berre 0,7 prosent av naturleg uran. Dette er ifølgje Kullander ein veldig ineffektiv bruk av brensel. Desse kallast andregenerasjons reaktorar. Og thorium kan utnyttast langt betre til nesten hundre prosent.



Professor Sven Kullander sit i det norske Thoriumutvalet som greier ut om det er grunnlag for å satse på thorium i Noreg.

I Sverige er ålmenta meir positive til kjernekraft enn dei har vore på lenge, ifølgje Kullander. For første gong sidan 1980-talet har den svenske regjeringa gjeve ein særskilt pott til forsking på kjernekraft, og det er også eit mindretal av den svenske befolkninga som vil fjerne kjernekraft. Om den norske opinionen er klar for kjernekraft er Kullander usikker på. For sjølv om kjernekraft, i Norges tilfelle thorium, er gjennomførbart teknisk, er det ikkje sikkert at det er gjennomførbart politisk.

– Kanskje eit nordisk samarbeid for å utvikle og bygge ein ny generasjon kjernekraft kunne vore den beste løysinga. På ein slik måte skulle Norden kunne spele ei viktig rolle for å fram CO_2-utsleppsfri elektrisitet for eit framtidig Europa som i større grad blir avhengig av elektrisitet som hittil blir generert for ein stor del av kol, seier Kullander. ■

Kraften i en liten celle



Professor Alex C. Hoffmann ved Institutt for fysikk og teknologi, UiB, har ledet flere forskningsprosjekter på brenselceller. Foto: Thor Brødreskift.

Brenselceller gir en betydelig økt virkningsgrad på alle typer energiproduksjon og energiforbruk. Igjen er det opp til politikerne om de vil satse.

tema › Fremtidens energivalg ‹

TEKST: **KIM E. ANDREASSEN**

Brenselceller omformer kjemisk energi direkte til elektrisitet på en effektiv og miljøvennlig måte. Selv om man bruker naturgass i prosessen, vil en energiutnyttelse opp mot 80 prosent gi en reduksjon av CO_2-utslipp på ca. 50 prosent i forhold til dagens konvensjonelle energiutnyttelse.

Vann som eksos

– Fordelen med brenselceller er at de er svært effektive, med lite energitap i prosessen. Ved å konvertere kjemisk energi direkte til elektrisk energi, unnslipper man omveien med å lage mekanisk energi først, for så å drive et kraftverk. I tillegg kan man utnytte spillvarmen fra kraftverkene slik at man kan komme opp i 70–80 prosent effektutnyttelse istedenfor de ca. 38 prosent som man får fra konvensjonelle kraftverk i dag. Dessuten vil kraftverk som baseres på brenselceller avgi langt mindre utslipp av NOx, SOx og partikler, sier professor Alex C. Hoffmann ved Institutt for fysikk og teknologi, UiB.

Det finnes hovedsakelig to typer brenselceller: Høytemperatur- og lavtemperatur-brenselceller. Til sammen kan de dekke bruksområdet fra mobiltelefoner til industrielle kraftverk.

De mest vellykkede lavtemperaturcellen i dag er fastpolymere brenselceller (PEM) som arbeider ved 60–100 °C. Disse drives av ren hydrogen og avgir kun vann som eksos. Siden de er kompakte og ikke har noen bevegelige deler, er de egnede som bilmotorer.

Den mest lovende høytemperaturcellene pr. dags dato, og som det hovedsakelig forskes på ved Universitetet i Bergen, er keramiske fastoksid brenselceller (SOFC), som opererer ved 700–1000 °C. Disse brenselcellesystemene kan på en svært effektiv måte brukes til å drive motorer til større fartøy, kraftverk og varmeutvinning til privatboliger eller storindustri. Høytemperatur SOFC-anlegg kan gi effekt fra kW–GW størrelser og er i tillegg fleksible i forhold til bruk av drivstoff. Brenselcellen kan gå på naturgass og biogass direkte, men også kull kan omdannes til ren hydrogen for bruk i brenselsceller.

Har teknikken, mangler penger


Høytemperaturceller skal tåle svært høye temperaturer, og det kreves mye av materialenes holdbarhet. I tillegg forsøker man å redusere motstanden i cellene, for å øke strømtettheten gjennom dem. Ved UiB arbeides det med å produsere mer effektive materialer til de tynne keramiske cellene som stables oppå hverandre.

– For øyeblikket forsøker UiB, sammen med CMR Prototech AS, å lage råmaterialer til brenselceller av nanopartikler. Får man til dette, vil materialene bli billigere å fremstille, samtidig som man får celler som gir mindre motstand, og dermed er mer effektive i bruk. Det største hinderet for å sette i gang masseproduksjon er likevel mangel på investorer og politisk vilje. Hvis det kommer et politisk push for å få brenselcelleanlegg masseprodusert, så vil det være et betydelig skritt i retning av å få dem kommersielt konkurransedyktige, mener Hoffmann.

Energi med CO_2-fanging

CMR Prototech AS har i samarbeid med forskningsmiljøet ved UiB drevet med design og produksjon av brenselsceller, tilhørende komponenter og systemer siden tidlig på 90-tallet.

– Vi utvikler blant annet høyeffektive og miljøvennlige systemer for konvertering av naturgass. Blant annet utviklet vi



Arild Vik, teknologidirektør ved CMR Prototech AS, forklarer hvordan et SOFC-anlegg fungerer. Dette anlegget er resultatet av et samarbeid mellom BKK og CMR Prototech AS, med støtte av Innovasjon Norge. Anlegget skal levere 3 kW elektrisitet og 3 kW varme og plasseres på Kollsnes i disse dager. Et kommersielt anlegg med samme effekt, vil kun være halvparten så stort. (Foto: Paul S. Amundsen)

verdens første komplette SOFC-anlegg i 1997. I disse dager plasserer vi, i samarbeid med BKK, et SOFC-anlegg for felttesting på Kollsnes. Anlegget skal levere 3 kW strøm og 3 kW varme. Vi regner med at den totale virkningsgraden er 80 prosent, hvorav 50 prosent er elektrisk energi. Teknologien i anlegget skal kunne brukes i fremtidens gasskraftverk, sier Arild Vik, teknologidirektør ved CMR Prototech AS.

Fordelen med et SOFC-anlegg er blant annet at forholdet mellom varme og elektrisitet kan reguleres etter behov. Uttaket for elektrisitet kan variere fra mindre enn 40 prosent til over 80 prosent. Varmen fra anlegget kan tas ut fra et temperaturområde mellom 50 og 1000 °C. Denne varmen kan anvendes til både fjernvarme for privatboliger eller til å integreres i industriprosesser med dampturbiner. I tillegg kan varmen brukes til gassifisering av biomasse, og brukes til utvinning av hydrogen.


Fremtidens kraftverk

Hydrogen pekes ut av mange som fremtidens energibærer, siden det kan erstatte fossile brennstoffer på de fleste områder. Men hydrogen må produseres fra hydrogenforbindelser i naturen og er en energikrevende prosess. I dag utvikles hydrogen fra naturgass, som gir CO_2-utslipp. Fremtidens brenselcelleanlegg, et såkalt Zero Emission Gas Power-anlegg (ZEG), kan effektivt produsere hydrogen fra varmen fra et SOFC-anlegg, som har et integrert CO_2-innfangingssystem. Ved å anvende det utvunne hydrogenet til PEM-brenselcellemotorer i bil og andre fartøy, vil energi- og miljøgevinsten være betydelig. Man regner med at halvparten av verdens CO_2-utslipp nettopp kommer fra transportsektoren.

– ZEG-konseptet er patentsøkt av CMR Prototech AS og IFE. En 2 kW labdemo blir nå klargjort for uttesting. CMR Prototech AS står for SOFC-systemet og IFE har ansvaret for hydrogenreaktoren og CO_2-fangsten, forteller Vik. ■

Brenselceller

Brenselceller konverterer kjemisk energi til elektrisitet ved en kontrollert prosess. En brenselcelle kan minne om et batteri, men hvor drivstoff tilføres kontinuerlig. Cellen består av en porøs katode og anode som atskilles av en fast elektrolyttmembran. Ved å tilføre luft og gass til hver av de porøse elektrodene, vil gassen og oksygenet diffundere (trenge inn i og blande seg med, red. anm.) gjennom til den aktive delen av henholdsvis anoden og katoden. Det vil da oppstå en elektrokjemisk prosess som konverterer kjemisk energi direkte til elektrisitet og varme. Man kan serie- eller parallellkoble flere brenselceller i stabler (stacker) til ønsket størrelse, og dermed regulere strøm eller spenning til ønsket nivå.



Her ser vi en keramisk fastoksid brenselcelle (SOFC), som ligger oppå et koblingselement. Hver celle er ca. 10 x 10 cm og opererer ved 700–1000 °C. (Foto: Paul S. Amundsen)

CO_2 inn, energi ut

Regjeringa vil gjere Noreg klimavennleg ved å fange CO_2 og sprøyte han ned i havbotnen. No ser det ut til at prosessen kan gje oss eventyrlege mengder energi i same slengen.

tema › Fremtidens energivalg ‹

TEKST: **KJERSTIN GJENGEDAL** | FOTO: **THOR BRØDRESKIFT**

– Det er ein vinn/vinn-situasjon, hevdar Bjørn Kvamme, professor ved Institutt for fysikk og teknologi. Saman med kollegaer har han funne ein metode for å frigjere naturgass frå hydrat ved å injisere CO_2.

Fanga i is

Gasshydrat er naturgass, i hovudsak metan, som er fanga i holrom av hydrogenbunde vatn. Utsjånaden kan likne vanleg is. Dei blir danna under høgt trykk og låge temperaturar, som på store havdjup eller i område med permafrost. Og dei representerer ei enorm energikjelde, om ein berre finn ut korleis dei skal utvinnast.

Dessutan må ein finne ut kor mykje som finst av dei. Det er estimert at det finst mengder av gasshydrat som overgår alle kjende olje-, gass- og kolressursar til saman. Men nøyaktig kor alle desse gasshydrata finst, kor stor del av dei som er drivverdige og korleis dei oppfører seg, veit vi heller lite om.



Førsteamanuensis Berit Oline Hjelstuen og professor Haflidi Haflidason studerer borekjerner frå havbotnen i si jakt på gasshydratførekomstar utanfor norskekysten.

Reknar med å finne mykje

– I Noreg har vi ikkje hatt noka heilskapleg, organisert kartlegging av eller interesse for hydrat før no, fortel professor Haflidi Haflidason ved Institutt for geovitskap.

Han koordinerer forskingsprosjektet GANS (Gas Hydrates on the Norway – Barents Sea – Svalbard margin) som er finansiert av Forskingsrådet gjennom Petromaks-programmet, og som tek mål av seg til å kvantifisere hydratførekomstar på norsk margin.

– Det er gode føresetnader for å finne gasshydrat her hos oss. Dei finst for det meste i skråninga ned frå sokkelen. Det som trengst for at det skal dannast gasshydrat, er vatn, gass i djupareliggande reservoar, og eit system av sprekkar som fører gassen opp gjennom sedimenta. Vi reknar med at det finst store mengder på norsk margin. Dessutan er det snakk om svært rein energi. Hydrat dannar nesten ikkje CO_2 ved brenning.

Irriterer oljebransjen

Så langt har gasshydrat mest vore til irritasjon for energibransjen. Hydrata kan nemleg by på problem i samband med oljeutvinning: Dei kan danne proppar i oljebrønnar og transportrøyr, eller dei kan forårsake undersjøiske ras dersom dei blir forstyrra og destabiliserte. Ein har ikkje hatt nokon effektiv måte å utvinne energien frå gasshydrat, men dette blir det no jobba intenst med fleire stader. Både Japan og India har store hydratressursar som dei helst vil sette i gang med å utvinne så fort som råd.

– Det finst fleire måtar å utvinne dei på. Stabiliteten i gasshydrata er ein funksjon av trykk og temperatur. Ved å tilføre varme, eller ved å avlaste trykket, kan ein gjere dei ustabile slik at gassen kan fangast opp. Men desse metodane medfører også ulemper, seier Kvamme.

Ved smelting vil ein frigjere store mengder vatn i tillegg til gassen, og dette vatnet er kostnadskrevjande å pumpe opp. Å varme opp reservoara, vil også vere dyrt. Og når gasshydrat endrar seg frå stabil tilstand til ustabil, blir det ein volumreduksjon som i verste fall kan føre til at grunnen kollapsar.

Bytter metan med CO_2

I staden har Kvamme og kollegaene laga ein metode som går ut på å injisere CO_2 i hydrata. Då vil CO_2 enkelt og greitt erstatte metangassen, som ein kan så kan fange opp. Samstundes blir CO_2 lagra på ein svært stabil måte. Det viser seg at hydrata har større stabilitet med CO_2 enn med metan, når trykket er uendra. Fleire land eksperimenterer med denne prosessen, men Kvamme meiner at deira metode er den enklaste og billegaste. Dei jobbar hardt for å ta unna alle utanlandske aktørar som vil melde interesse for teknologien, men enno er det ei stund til metoden kan takast i bruk i heimlege farvatn.

– Kartleggingane av hydrat er enno i startfasen, fortel Haflidason.

– Vi har gjort nokre seismiske undersøkingar i Storegga-området utanfor Mørekysten, og ved Svalbard. Neste år skal vi ta prøver ved hjelp av ein fjernstyrt miniubåt. Førebels fokuserer vi på nøkkelområde, og vi har mellom anna fått tilgang til seismiske data for fleire titals millionar kroner frå bedrifter, data som ikkje tidlegare har vore tilgjengelege for universitetsmiljø.

